



Vikøy Sokneråd

Postboks 39

5600

Referat frå SR i i Vikøy sokn 2. des.2025 kl.19.00

Frammøtte: Astrid, Tove, Solfrid, Magne, Randi, Helene, Vetle, Erling, Sevi og Ulf (sak 53/25) og Gudrun

Opning: Magne Jes 9,2

Kaffi og noko å bita i: Helene

51/25 Godkjenning av innkalling og referat

Vedtak: Referat og innkalling er godkjende.

52/25 Orienteringar og evalueringar

- **Evaluering av Fakkeltog for forfølgde kristne.** Det vart litt delt arr pga at Gudsteneste for alle var planlagt fyrst. Kanskje det ikkje er naturleg å kombinera akkurat denne gudstenesta med fakkeltog. SR betaler halvparten av rekninga for faklane.
- **Evaluering av Lyskonserten.** Stor suksess – både konsert, festbord og resultat! Det einaste som ikkje fungerte optimalt, var lyden (mikrofonen). Det kom inn ca.65.000 kr! Arbeidet i Norheimsund er alt i gang. Diakoniutvalet arrangerer basar på torsdag, og då kjem det inn meir pengar. Fellesrådet betaler truleg mellomlegget. (Hugs å sende inn alle musikkinnslaga til TONO).
- **Bøneveka** vert 18.-25.jan. Mange frå ulike forsamlingar i Kvam er med. Norunn og Vetle repr kyrkjelydane. Det skal skje noko kvar dag. Onsdag kveld vert det «Sofasamtale» ved Norunn i Nhs kyrkje. Kanskje kveldsmat etterpå. Torsd: «Vinden frå vest» ved Roar Strømme. Laurdagen: Ikon-utstilling ved Solrunn Nes. Sjå program seinare.

53/25 Møte med kantorane.

Fyrst av alt ynskte me i soknerådet å retta ein stor takk til dei flinke kantorane våre, Sevi og Ulf!

Det var mange tankar og ynske som kom fram under samtalen.

- Kantorane orienterte om arbeidet og korleis dei fyller arbeidsdagane, dei har mange og allsidige oppgåver, og dagen er fyllte med oppgåver knyta til kyrkjelege handlingar, menighetsarbeid og samarbeid med andre.
- Kyrkjemusikalsk plan er frå 2022, og denne skal evaluerast i 2026. Det er SR sitt ansvar å redigera/evaluera, men me har delegert oppgåva til administrasjonen. Kantorane er svært nøgde med planen slik han ligg føre.
- Kantorane skryt over samarbeidet med Kulturskulen.
- SR tykkjer det er fint at kantorane er involverte i konfirmantarbeidet med salmesong.
- Flygelet som står i kyrkja, er eigd av Hardingtonar. Det må stemmast svært ofte, og ynsket er at Hardingtonar og kyrkja skal kjøpa eit brukt flygel saman. Det bør oppnemnast ei nemnd som skal jobba med søknader om støtte. Forslag frå kantorane om at det skal oppnemnast ei flygelnemnd. Ulf skal leia arbeidet. TF kan stille som repr frå Vikøy SR.
- SR har ynske om eit kyrkjekor/kantori – korleis stiller kantorane seg til det? Pr. i dag har me eit høgtidskor som syng til jul og påske. Soknerådet ser også dette som del av menighetsbyggjande arbeid. Er det mogeleg å få til eit prosjektkor? Spontankor? Familiekor? Breiddekor? Proffkor? Øving ein gong i veka, eller at folk kjem ein time før gudstenesta? Evt senda ut salmane på førehand til dei som er interesserte. Utfordringa for organistane er at dei ikkje berre har èi kyrkje å forhalda seg til. Det er vanskeleg å finne plass til eit kor med øvingar kvar veke, men kanskje mogeleg å få til eit arbeid som startar med forsongarar knyta til gudstenestene? SR skal senda namn på folk som har lyst å vera med i eit kantori, til Sevi/Ulf.
- Sevi gler seg over å ha fått orgelelevar. Ho har ledig kapasitet og ser gjerne at tilbode vert gjort kjent, både unge og vaksne kan få opplæring.
- Forslag om at det kan vera ein salmekveld pr. halvår. Det er allereie planlagt ein salmekveld under bønneveka i januar.

54/25 Fordeling av offersøknader.

Vedtak:

- 12 offer til eige arbeid
- 4 offer (m.a.1.juledag og 1.påskedag) til Misjonsavtalen (NMS sine 3 prosjekt på Madagaskar)
- Kirkens Nødhjelp (julaftan + fasteaksjon)
- Himalpartner (1.pinsedag)
- 2 offer til NØUK (m.a. på lysmessa)
- KRIK (Kristen idrettskontakt)
- Søndagsskolen, Bjørgvin krets
- Kirkens SOS, Bjørgvin

- Det norske Bibelselskap
- KIA (Kristent Interkulturelt Arbeid), region vest
- Frelsesarmêen (24.mai)
- Norsk kirke i utlandet (Sjømannskirken)
- TV-aksjonen
- Stefanusalliansen

Dersom det blir fleire gudstenester enn dette, går offeret til eige arbeid.

55/25 Lyskonsert og bruk av innkomne midlar.

Vedtak: Kyrkjelyden har samla inn tilstrekkelege midlar til å få installert ledlys i Norheimsund kyrkje, og vi oppmodar derfor kyrkjevevja til å starta arbeidet snarast mogleg. Vidare er det ønskeleg at installasjon av ledlampar i Vikøy kjem i neste steg, når tilstrekkelege midlar er samla inn.

56/25 Halvårsplan våren 2026

Vedtak:

- * AU: 12.januar, 16.februar, 13.april og 18.mai.
- SR: 3.februar, 3.mars, 28.april og 2.juni
- Fasteaksjon 24.mars
- Konfirmantfest 15.april
- Årsmøte 8.mars

57/25 Val av leiar og nestleiar for 2026

Vedtak: Utsett til 28.april eller 2.juni.

58/25 Eventuelt

Ingen saker.

Etter soknerådsmøtet var det dugnad på å skriva julehelsingar til dei frivillige i kyrkjelyden.

[Neste sokneråd vert 3.februar 2026](#)

Gudrun Skeie Langeland, skrivar